

GODKJENT PER E-POST FREDAG 04.03.2011



MØTEBOK

Ekstra møte i Forskningsnemnda 23.02.2011

- Til stades: Annegreth Dietze-Schirdewahn, forskingsleiar ved ILP
Tron Eid, forskingsleiar ved INA
Anne-Berit Wold, vara for Jan Mulder, forskingsleiar ved IPM
Eirik Romstad, forskingsleiar ved IØR
Tor Arve Benjaminsen, representant for Noragric
Ruth Haug, prorektor for forskning og leiar av Forskningsnemnda
Ole-Wiggo Røstad, vara for Sheena Lisland, representant for teknisk-administrativt tilsette
Hanne Sjølie, representant for stipendiatane
Anders Eika, student
Meir enn halvparten av medlemmene til stades: Forskningsnemnda vedtaksdyktig.
- Forfall: Dag Austbø, forskingsleiar ved IHA. Vara kunne heller ikkje møta
Gerd Vegarud, forskingsleiar ved IKBM. Vara kunne heller ikkje møta
Nils Bjugstad, forskingsleiar ved IMT. Vara kunne heller ikkje møta
Jan Mulder, forskingsleiar ved IPM
Sheena Gilchrist Lisland, representant for teknisk-administrativt tilsette
Marte Skogen, student
- Frå sentraladministrasjonen: Ragnhild Solheim, forskingsdirektør
Andreas Åkerstrøm, seniorrådgivar i Forskningsavdelinga
Ågot Aakra.
- Møteleiar: Ruth Haug
- Møtebok: Ågot Aakra.

Innkalling og saksliste godkjent.

Sak 17/2011 Tildeling av gjesteforskarstipend 2011 – klage på vedtak

Dokument

- a) Saksframlegg
- b) Vedlegg
 1. Brev frå Erik Næsset
 2. Utlysing av gjesteforskarstipend 2011
 3. [Saksdokument FoN-sak 9/2011](#) og [søknader om gjesteforskarstipend](#)

Nokre moment frå diskusjonen:

- Alle prioriterte søkjarar kan visa til stor vitenskapleg produksjon
- Ved behandlinga av sak 9/2011 nytta FoN skjøn.
- Det overordna formålet med stipend til gjesteforskarar burde ha vore nemnt i utlysinga.
- FoN skal i alle saker vurdere kva for vedtak som best kan gagna forskinga ved UMB, noko FoN meiner at blei gjort i samband med sak 9/2011. Ved tildeling av gjesteforskarstipend må FoN vurdere kven av søkjarane som kan bidra mest til å heva forskinga ved UMB
- FoN bør ta sjølvkritikk på at utlysinga av gjesteforskarstipend og kriteria for tildeling var uklare og at utlysingsteksten kunne bli misforstått
- Det er svært vanskeleg å vurdere vitenskapleg produksjon, når ein skal samanlika forskarar innan så ulike fagområde som det har vore snakk om i denne saka

To forslag til vedtak blei fremma i møtet, og det blei røysta over dei to forslaga:

- 1) FoN held på vedtaket i sak 9/2011 om tildeling av gjesteforskarstipend 2011. FoN ser at kriteria ikkje var tydelege nok og at ein bør supplera kriteria for tildeling av gjesteforskarstipend. FoN ønskjer ein gjennomgang av kriterium for tildeling og utlysing av gjesteforskarstipend før neste budsjettår. FoN ønskjer då også å vurdere om gjeldande rutinar for utlysing tildeling av gjesteforskarstipend er formålstenlege.

Røyster for forslag 1): 7

Røyster mot forslag 1): 2

- 2) FoN ber om at alle søknader om gjesteforskarstipend som oppfyller kriteria blir gjennomgått på nytt og at søkjarane (gjesteforskarane) blir rangerte etter vitenskapleg produksjon. FoN behandlar deretter tildeling av gjesteforskarstipend 2011 på nytt.

Røyster for forslag 2): 2

Røyster mot forslag 2): 7

Vedtak:

FoN held på vedtaket i sak 9/2011 om tildeling av gjesteforskarstipend 2011. FoN ser at kriteria ikkje var tydelege nok og at ein bør supplera kriteria for tildeling av gjesteforskarstipend. FoN ønskjer ein gjennomgang av kriterium for tildeling og utlysing av gjesteforskarstipend i forkant av neste budsjettår. FoN ønskjer då også å vurdere om gjeldande rutinar for utlysing og tildeling av gjesteforskarstipend er formålstenlege.